




DEN NORSKE KYRKJA
Giske kyrkjelege fellesråd

Årsrapport

For

Giske kyrkjelege fellesråd

2020



1. RÅDSORGANA

1.1 FELLESRÅDET for 2020 er samansett slik:

Elisabet Sundgot	Valderøy sokneråd, leiar
Sindre Røsvik	Valderøy sokneråd, nesteleiar
Arnfinn Rune Giske	Giske sokneråd, medlem
Rolf-Kjell Giske	Giske sokneråd, medlem
Knut Støbakk	Vigra sokneråd, medlem
Otto Stornes	Vigra sokneråd, medlem i 2 møter nytt val av medlem.
Aksel Roald	Vigra sokneråd, medlem frå jan 2020
Sigvald Sæther	Kommunal representant
Benjamin Bjørnson Anda	Geistlig representant
Varamedlemar:	
Bjørn Jønsson	Valderøy sokn 1. vara
Anna-Merethe Synes	Valderøy sokn 2. vara
Arnstein Gustafson	Giske sokn 1. vara
Jostein Alnes	Giske sokn 2. vara
Helga Sakseid	Vigra sokn 1. vara
Solfrid Haram	Vigra sokn 2. vara
Jan Skodje	Kommunal vara
Prosten	Geistlig vara

Fellesrådet består av to representantar frå kvart av sokneråda, forutan soknepresten og ein kommunal representant. Sjølv om kyrkjelova er oppheva og vi ventar på regulering i ny lov, så har fellesrådet og sokneråda same ansvarsområde som i den gamle lova.

«Kirkelig fellesråd skal ivareta administrative og økonomiske oppgaver for soknene, utarbeide mål og planer for den kirkelige virksomhet i kommunen, fremme samarbeid mellom menighetsrådene og ivareta soknenes interesser i forhold til kommunen...»

Kyrkjeleg fellesråd er ansvarleg for:

- bygging, drift og vedlikehold av kirker.
- anlegg drift og forvaltning av gravplasser
- opprettelse og nedleggelse av stillinger som lønnes over fellesrådets budsjett,
- anskaffelse og drift av menighets- og prestekontor,
- administrativ hjelp for prosten når staten yter tilskot til det,
- anskaffelse av lokaler, utstyr og materiell til konfirmantopplæring.

(gamal kyrkjelov § 14)

1.2 Sokneråda

Giske fellesrådsområde har 3 sokn, Giske, Valderøy og Vigma. Sokneråda driv som sjølvstendige einingar og har eiga årsmelding og eige rekneskap.

Sokneråda sitt ansvarsområde

«Menighetsrådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nærme det kristelige liv i soknet, særleg at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døpte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Menighetsrådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet» (gamal kyrkjelov § 9).

2. Arbeidet i Fellesrådet 2020

Året 2020 vart eit annleis år med koronapandemien.

Vi har lært å være kyrkje i ei annleis tid.

For den kyrkjelege delen har året bydd på mange omstillingar og mykje arbeid. Sjølv om vi ikkje har fått opna kyrkjene for alle, så har vi vore kyrkje på andre måtar.

Vanlege gudstenester har vore bytta ut med digitale sendingar. Vi har halde utegudsteneste rundt kyrkjene, det har vore laga digitale adventssendingar for barn. Til jul vart det 4 påmeldingsgudstenester med inntil 50 deltakarar. Brev til opplesing blir levert til eldreinstitusjonane kvar veke.

For gravferdsdelen har restriksjonane gått opp og ned med tal på deltakarar som første tida var inntil 20 deltakarar, opp til max 130 og ned igjen til 50. Det var også restriksjonar med tal på deltakarar på gravplassen.

Frå 15. juni vart det heldigvis opna for fleire deltakarar i kyrkjene. På hausten fekk vi gjennomført konfirmasjonane på ein god måte sjølv om det var avgrensingar. Til jul var det lov med 50 deltakarar i gudsteneste og etter nyttåret ned til 10.

For å få løyve til å halde samlingar og gjennomføre på ein trygg måte, har det vore høg fokus på smittevern. Det vil seie avstand, reinhald, handvask, spriting og i tillegg registrering av alle som er innom kyrkjene. Som største arbeidsgivar er fellesrådet ved kyrkjevevjen ansvarleg for smittevernet. Der har vi hatt god dialog/samhandling med kommuneoverlege Ann-Line Sommerdalen. Fellesrådet har også hatt fleire oppdateringar og gjennomgang av smittevernet med desse deltakarane: tillitsvald, ein prest og kyrkjevevjen. Kvar gong smittevernplanen vart endra, vart den sendt til kommuneoverlegen for endeleg godkjenning. Ved små endringar har det vore dialog og godkjenning. Samarbeidet med prosten har også vore viktig i denne perioden.

Sokneråda har gjort eit stort arbeid med å hjelpe kyrkjelydane til å få gjennomføre gudstenester. Dei har stilt med bemanning for å registrere deltakar og å vaske berøringsflater mellom gudstenestene. På grunn av restriksjonane på deltakarar, så har

det vore behov for mange dåpsgudstenester. Vi har køyrt med inntil 3 gudstenester etter kvarandre (unntaksvis 4).

Som gravferdsforvalter så er vi samfunnskritisk viktig. Vi har hatt «kriseplan» for bårerom i tilfelle for lite kjølekapasitet i kapellet. Vi rapporterer fortsatt inn til KA kvar veke kva slags farenivå vi ligger på - grønt, gult eller raudt farenivå for gravferdsforvaltinga. Med liten stab er slike funksjonar sårbare.

Generelt om økonomien

Sjølv om kyrkjene i ein periode måtte stenge, og elles at tal på deltakarar har gått ned, så stopper ikkje utgiftene opp. Dei digitale utgiftene har auka, programvare måtte tilpassast påmeldingar. Vi har hatt stort tap på inntekter for guiding og utleige av kyrkjer. Vi har spart på leigeutgifter og straum. Straumen har i tillegg vore billig og det har hjelpe til med å halde eit stramt budsjett. Vi fekk tidleg beskjed om å unngår å permittere folk så lenge vi hadde finansiering. Vi (trur) vi var dei første i vårt område som starta med digitale sendingar, så staben har omfanna dette og gått inn i utfordringane på ein fantastisk måte.

Fellesrådet har i 2020 hatt 7 møter og handsama 47 saker.

Sjølv om arbeidet i kyrkjelyden har vore annleis, har fellesrådet hatt mange saker. Vi nemner særskilt:

- * Rekneskap og årsmelding for 2019
- * Møtegodtgjerdsla for sokneråd og fellesråd
- * Spareforslag for utviding og opparbeiding av Valderøy gravplass
- * Avklaring av overskriding budsjett gravplassutviding
- * Økonomiplanfor 2021-2024 investering
- * Status på arbeidet i koronatida, eigne reglement for gjennomføring
- * Bygningsutval, resultat frå synfaring
- * Status og oppdatering av Valderøy gravplass utviding
- * Utvida løyve til stell av graver
- * Sak om sletting av gamle graver ved felt A og B ved Vigra gravplass
- * Informasjonssaker: Benjamin Anda tilsett som ny sokneprest i Vigra og Giske. Søknad frå Giskespelet om skilting
- * Tilstandsrapport om kulturminne i kyrkjene Vigra og Giske
- * Budsjett 2021
- * Endringar i gravferdslova
- * Høyring om ny økonomiforskrift
- * Informasjonssak: oppdatering på gravplassprosjekt og prestesituasjonen
- * Prøvetaking av marmorstein ved Giske kyrkje
- * Høyring om kyrkjeval
- * Budsjett for 2021 ny handsaming, kutt i budsjett for 2021
- * Informasjonssak: koronasituasjonen og gjennomføring av kyrkjelege handlingar, jul og julegudstenester og prestesituasjonen
- * Konstituering av fellesråd 2020
- * Søknad om lån av kyrkjetekstilar frå Maihaugen museum
- * Utlysing av koronamidler til middelalderkyrkjer, steinkyrkjer RA

- * Giske kyrkje, oppdatert informasjon vedrørende kystpilegrimsleia
- * Møteplan for våren 2021
- * Vigra sokneråd prøver å kontakte kommunen om kyrkjetomt ved Roald hamn

2.1 Økonomi

Fellesrådet har stramme rammer eit vanleg år, men på grunn av koronapandemien har vi hatt mindre inntekter i 2020. Verksemda har vore prega av at vi har hatt stram driftsramme på grunn av bortfall av inntekter. Det gjelder særskilt for open kyrkje med guiding i Giske kyrkje, som har gått med stort tap av inntekt. I utgangspunktet hadde vi budsjettert med kr 400 000,- i inntekt, men enda opp med under kr 6000,-.

Fellesrådet tapte også inntekter på utleige av kyrkjer. Det var også naudsynt å rydde opp i gamle fakturaer som ikkje er betalte/ krediterte, dei er førte som tap i rekneskapet for 2020. Vi har spart ein del ved å være veldig forsiktige med innkjøp. Vi har ført 10% av løn til kyrkjeverjen på gravplassprosjektet. Det er ikkje tatt noko særleg med vedlikehald utanom det heilt akutt naudsynte. Det ser ut som vi går mot eit overskot på drift og det er nesten utrulig etter eit slikt år. Driftsutgiftene stoppar ikkje sjølv om vi måtte stenge av store delar av arbeidet ei periode.

4-års økonomiplan vart oppdatert og med det blir det også synleggjort forventa kostnader på investeringssida. Fellesrådet arbeider no med utviding av Valderøy gravplass og må sjå på plan for utviding ved Godøy gravplass så snart som mogleg. Erfaringsmessig tek det 5 år frå vi starter på eit gravplassprosjekt til det er fullført og klart til bruk.

Fellesrådet har bedt kommunen om forhandling av tenesteytingsavtalen på nytt. Den er på kr 800 000,- og inneber drift av gravplassar og kontorhald. Avtalen bør justerast til dagens prisnivå.

2.2 Rekneskap 2020

Rekneskapet for 2020 syner eit overskot på driftsrekneskapet med kr 164 917,27 (underskot 2019 kr 243 058,- og 2018 kr.150 442,56. I 2017 hadde vi kr 269 847,76 i overskot) Overskotet på driftsrekneskapet for 2020 skal avreknast i høve førre års underskot.

Investeringsrekneskapen viser eit underskot på kr 450 786,62. Underskotet på investering skal dekkjast av disposisjonsfond. (2019 viser eit underskot på kr 21 514,66, for 2018 underskot på kr 78 482,23).

Klp – pensjonsutgiftene er i år nesten som normalt. I fjor hadde vi ei svært stor utgift på pensjon på grunn av veldig høg reguleringspremie og nokre andre faktorar.

For open kyrkje med guiding i Giske kyrkje så hadde besøket akkurat tatt seg opp igjen til eit normalt nivå før vi møtte koronaen i 2020. Vi tapte mykje i 2018 sesongen på grunn av stenging og renovering av tunnellar. For året 2020 vart guidesesongen øydelagd. Vi måtte i ei periode stenge kyrkja heilt ned. Riksantikvaren kravde at dei verna kyrkjene måtte stengjast, for ikkje å bli øydelagde med vasking. I starten hadde

vi ei veker karantene mellom kvart arrangement. No har vi gått ned til 2-3 døgn mellom kvart arrangement.

Eit normalår har vi mellom 9-10 000 besøkjande turistar. I 2018 var det 3 000 , for året 2019 omtrent 9500. I 2020 var det svært få.

Konto 1621 4000 4200 billettinntekter guiding for 2020 er kr 5 300,- (2019 er kr 328 503,- 2018 er kr 99 494,46 mot 2017 der det var kr 328 097,-).

Konto 1010 fast løn 4000 4100 Vi førte 10% av løna til kyrkjeverja på prosjekt 4301 utviding og opparbeiding av kyrkjegard på Valderøya (investeringsrekneskapen). Dette for å synleggjere arbeidet med å drive prosjektet som blir gjort i samband med utvidinga. Fellesrådet har ansvar for å førebu og gjennomføre utvidinga, samt å skaffe midlar. På driftsrekneskapen blir 10% av løn til sekretær og kyrkjeverje ført på Teneste 4300 gravplassar. Dette gjeld særskilt arbeid med festeavtaler.

Konto 1180 4000 4200 straumutgifter kyrkjer. Vi har brukt for kr 126 392,- på kyrkjene (2019 kr 207 893,-2018 kr 159 617,-, 2017 kr 132 895,-). Med billig straum og mindre bruk av kyrkjene så har straumutgiftene vore lavare i år.

Konto 1185 4000 4200 Forsikringspremien for kyrkjebygga utgjer kr 61 190,- (2019 kr 46 137,-, 2018 kr 61 926,-) for bygningar med inventar. Fellesrådet valde å bytte forsikringsleverandør på bygg frå 2019 og valde då Knif trygghet forsikring for kyrkjebygga. Vi fortset å ha personal- og pensjonsforsikringar i KLP.

Konto 1187 4000 4200 Vakt og alarmtenester kr 59 602,- (2019 kr 59 089,60, 2018 kr 53 386,- mot 2017 kr 66 185,-).

Konto 1190 4000 4200 Husleige for Godøy bedehuskapell og Alnes bedehus kom på kr 42 000,- (2019 kr 102 350,-, 2018 kr 87 000,-,2017 kr 58 000,-).

Konto 1230 4000 4200 vedlikehald bygg har det gått med kr 11 320,- (2019 kr 79 349,-,2018 kr 45 885,-, 2017 kr 62 028,-).

Konto 1231 4000 4200 vedlikehald anlegg viser ei utgift på kr 51 532,-(2019 kr 22 465,-, 2018 kr 1 520,-). Dette beløpet er forholdsvis stort i år. Vi har hatt reparasjon av heisa i Valderøy kyrkje, ettersyn av kyrkjeklokkene (annakvart år) og reparasjonar av elektrisk utstyr.

Konto 1232 4000 4200 vedlikehald av utstyr er på kr 16 639,- (2019 kr 31 367,26, 2018 kr 54 434,-, 2017 kr 28 535,-). Dette er hovudsaklig reparasjonar av utstyr. Heiskontrollen, el-reparasjonar og stemming av piano.

Konto 1272 utgifter til kommunerevisjonen har stege frå kr 20 000,-, som det har vore i mange år, til kr 52 500,- for i fjor. Vi har klaga på rekninga og får tilbake kr 10 000,- (det kjem på 2021). Revisjonen hevdar at dei har fakturert for medgått tid.

Konto 1231 vedlikehald av anlegg 4000 4300 gravplassar. Vi har brukt kr 7 231,- (2019 kr 30 628,80). Saman med konto 1251 materialer til anlegg kr 6 748,- og konto

1030 ekstrahjelp/engasjement kr 20 750,-. Utgjer dette beløpet oppussinga av klokketårnet på gravplassen på Godøya.

2.3 UTVAL

2.3.1 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er samansett av tre representantar frå arbeidsgjevarsida og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Administrasjonsutvalet skal handsame saker som gjeld tilhøvet mellom dei tilsette og arbeidsgjevar.

Medlemmar i administrasjonsutvalet

Elisabet Sundgot, Sindre Røsvik og kyrkjeverja.

Vararepresentantar:

1.vara, Knut Støbakk og 2.vara, Rolf Kjell Giske.

Arbeidstakarorganisasjonane: Berit Johansen og Margaret Haugland.

2.3.2 Forhandlingsutvalet

Utvalet er utnemnt av arbeidsgjevarsida og består av tre representantar:

Medlemmar i forhandlingsutvalet

Elisabet Sundgot, Knut Støbakk og Arnfinn Rune Giske. Kyrkjeverja er til vanleg sakshandsamar/sekretær.

2.3.3 Bygningsutval

Medlemmar i bygningsutvalet

Sigvald Sæther, Otto Stornes og Rolf Kjell Giske.

Bygningsutvalet tok sin årlege gjennomgang av kyrkjer og gravplassar for å sjå på tilstand av bygningsmasse og gravplassar. Dei legg fram prioritert liste med vedlikehaldsbehov for fellesrådet.

3.PERSONALET



Kyrjekontoret

Kyrkjeverje:

Diakon:

Kyrkjelydspedagog:

Sekretær:

Organist:

Kantor:

Turid Urkedal Valderhaug (100%)

Berit Johansen (100%)

Anne Helen Roaldsnes (100%)

Inger Magelssen Godø (40%)

Dag Filip Roaldsnes (40%)

Margaret Standal Volle Haugland (100%)

Vigra kyrkje

Klokkar/kyrkjetenar

Reinhaldar

Linda Roaldsnes (20%)

Kristina Raudiene (10%)

Valderøy kyrkje

Kyrkjetenar/klokkar:

Reinhaldar:

Linda Margrethe Roaldsnes (60%)

Kristina Raudiene (20%)

Giske kyrkje

Klokkar/kyrkjetenar/

Reinhaldar /guide

Inger Magelssen Godø (60%)

Godøy bedehusapell

Kyrkjetenar/klokkar

Tenesta blir delt mellom kyrkjetenar ved Valderøy og Giske og diakonen.

Sokneprestar

Geir Sakseid slutta som sokneprest i Vigra og Giske sokn 11. februar 2020. Benjamin Anda var frå 04.01.2020 vikar for André Sjøvåg, sokneprest i Valderøy sokn, fram til han vart tilsett som sokneprest for Vigra og Giske 1. juli 2020. André Sjøvåg slutta som sokneprest for Valderøy sokn i juni 2020, stillinga vart utlyst, men soknet fekk ikkje kvalifiserte søkjarar. For året 2020 vart problemet med mangelen på prestar løyst ved at Berit Johansen tok gravferdsturnus og nokre gudstenester. I tillegg tok Anne-Helen Roaldsnes ein del gudstenester. Jan Løkkeborg vikarierte som konfirmantlærer for Valderøy sokn. Han hadde også konfirmasjonsgudstenestene for Valderøy. Benjamin tok ansvar for Vigra og Giske sine konfirmantar fram til og med konfirmasjon.

Ved Valderøy sokn skal Anita Hagerup og Gunnhild Bremer dele stillinga som sokneprest samtidig med at dei studerer til prest. Dei starter 21. juni 2021.

3.1 Trusopplæring

Anne-Helen Roaldsnes har 100% stilling som kyrkjelydspedagog og har ansvar for trusopplæringa 0-18 år. Dag-Filip Roaldsnes deltek i om lag halve stillinga si med ansvar for barnekoret «Kor-Tøfft». Fleire av dei andre tilsette deltek i trusopplæringsarbeidet. Mykje av det vanlege arbeidet har stengt ned i periodar. Vi har gjennomført nokre tiltak ute, mellom anna 6-årstreff. Kor-tøfft har hatt øvingar store delar av hausten, med oppdeling i kohortar og godt smittevern som høyrer med. Julevandringar for barnehagane vart gjennomført. Til dei store høgtidene har det vore laga program som har blitt lagt ut digitalt. Profesjonelt innspelt skulegudsteneste vart sendt til skulane til bruk i undervisninga før jul.

3.2 Kyrjekontoret

Fellesrådet disponerer seks kontor plassar i Giske rådhus på Valderøya. Kantoren har kontor i Valderøy kyrkje. Nokre har i periodar praktisert heimekontor i koronaperioden.

3.3 Nettside

Fellesrådet har nettside til Kirkepartner si standardside. Redaktør for nettsida er Margaret Haugland. Vi har som mål å ha ein aktiv bruk av nettsida vår. www.giske.kyrkja.no. Sida er godt oppdatert og det er viktig at stab og sokneråd formidlar informasjon til nettredaktøren.

3.4 Endringar

På grunn av vakanse i prestestillingar og mange ledige prestestillingar i Møre bispedøme har fleire leke fått løyve til å vere liturg. For vårt fellesråd har biskopen gitt løyve til kyrkjelydspedagog Anne Helen Roaldsnes og diakon Berit Johansen. Dei har gått inn og hatt ansvar for gudstenester. Berit har i tillegg vore med i gravferdsturnus.

Geir Sakseid, sokneprest i Vigra og Giske slutta i februar i 2020. Han gjekk over i misjonsråd-gjevarstilling ved bispekontoret. André Sjøvåg vart tilsett som sokneprest i Nesset frå 1. juli 2020.

Staben gjer ein stor innsats i å halde alt i gang og følgje planlagde gudstenester og arbeid som følgjer med.

Oversikt over stillingar per 31.12.2020

Kyrkjeverje, Turid Urkedal Valderhaug	100%
Inger Magelssen Godø, kyrkjetenar/klokkar, guide, sekretær	100%
Linda Roaldsnes, kyrkjetenar/klokkar	80%
Diakon Berit Johansen	100%
Kyrkjelydspedagog Anne Helen Roaldsnes	100%
Kantor Margaret Haugland	100%
Organist Dag-Filip Roaldsnes	40%
Reinhaldar Kristina Raudiene	30%
Tal på stillingar	<u>6,5</u>

3.5 Ferievikarar

3.5.1 – Kyrkjegardane.

Det er kommunen som t.d. leiger inn vikarar i sommarferien med grunnlag i tenesteytingsavtalen. For året 2020 leigde kommunen ikkje inn ferievikarar på gravplassane. Det merka vi på stellet av gravplassane. Vi fekk ein del klager på for lite klipping av graset.

3.5.2 – Kyrkjene.

Vi leigde inn kyrkjetenarvikar for kun to tenester i sommerferien, det var Ole-Johan Valderhaug. For organistane leigde vi inn Runa Godø Sæther.

3.5.3 – Kyrkjekontoret

På kyrkjekontoret har vi overlappa kvarandre i ferien, slik at det ikkje har vore behov for vikarar.


3.5.4 – Omvisarane i Giske kyrkje.

Inger Magelssen Godø har ansvaret for omvisingstenesta i Giske kyrkje og administrerer den. Ho tek delar av omvisinga sjølv og lærer opp og legg til rette for tenesta og har kontakta med guideselskapa. I sesongen 2020 var det berre nokre få grupper vi fekk anledning til å ta imot.

3.6 Personalutvikling /kompetansebygging/ arbeidsmiljøtiltak

Ein gong i veka er det **ministabmøte** på kyrkjekontoret. Dette er meir praktiske arbeidsmøter der ein planlegg arbeidet den næraste tida. For året 2020 har vi hatt veldig få møter i ministab sidan vi ikkje kan være så mykje saman. Ved behov har vi kalla inn til ministab i Valderøy kyrkje. Ein gong pr. måned har vi **personalmøte/storstabmøte** i kyrkjekjellaren på Valderøya. Dei fleste tilsette møter der. Arbeidet i storstabsmøter er planlegging og samkøyring av alt som skjer i kyrkjene og i tillegg evaluering av arbeidet.

For 2020 så vart det ikkje anledning å reise vekk på tur i starten av semesteret. Men det var uansett fint å møtast etter ferien for å samle alle trådane og starte på nytt semester.




Det vart ikkje felles møte med stab og sokneråd, ein adventsfest, slik som vi bruker det. Det får bli i 2021.

Dei ulike faggruppene deltek i fagdagar for sin profesjon. For tida tek Anne-Helen Roaldsnes tek ein master ved VID i Oslo på deltid.

4. KYRKJEBYGGA

4.1 Vigra kyrkje



Lampar til lys på gravplassen er satt opp på dugnad. Det måtte leigast inn elektrikar til koplingane. Dette har vore eit samarbeidsprosjekt med Vigra sokneråd.

4.2 Valderøy kyrkje



4.3 Giske kyrkje



I møte med Riksantikvaren, Fylkesantikvaren og Niku har vi fått positiv respons for bygging av kyrkjestove ved Giske kyrkje. Lokal arkitekt har arbeida saman med fylkesarkitekt med ei skisse. Fellesrådet har fått klarsignal om bygging frå Riksantikvaren. Riksantikvaren/fylket har bestemt plassering og størrelse på bygget. Bygget er enda ikkje finansiert.



Pilegrimstur på Giske

4.3.1 Nøkkelstad for kystpilegrimsleia

Starten for kystpilegrimsleia var allerede i 2010 ved kulturdepartementet. Sjølve kystpilegrimsleia vart opna i 2018 med ein signingstur. 19. juni 2018 kom den restaurerte Colin Archer redningskøyra Risør 2 til Giske på sin opningsseglas frå Stavanger til Trondheim. Opninga vart markert i Giske kyrkje med ei messe og deretter ei markering i Gildehallen ved Giskespelet.

I 2020 har vi arbeida saman med Giskespelet og dagleg leiar for nøkkelstadane i vår region. Giskespelet har laga kart og informasjon om overnatting lokalt på Giske. I samarbeid held vi på å lage informasjonssnuttar som skal ut på appen Voice of Norway. Det blir også jobba med å få opp nye informasjonsskilt.


4.4 Godøy bedehuskapell.

Fellesrådet leiger bedehuskapellet til kyrkjelege handlingar på Godøya. Alnes bedehus blir leigd til nokre gudstenester i året og gravferder til dei som bur på Alnes.

4.5 Johanneskapellet

Johanneskapellet har blitt vakkert utsmykka rom. Kapellet er eit vigsla rom og dermed eit kyrkjerom. Kapellet blir brukt til båretandakter, syningar, gravferder, dåp, konsertar, kveldsbøn og det har vore brukt til fleire bryllaup. Staben startar alltid sine

stabsmøte i kapellet og i tillegg blir det brukt i konfirmantundervisning og i trusoppplæringa.



5. GRAVPLASSANE

Alt arbeid på kyrkjegardane vert utført som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen – ein avtale som fungerer tilfredstillande. Budsjetten for kyrkjegardane er lavt, men takka god dugnadsinnsats der sokneråda har stått for organiseringa, har vi fått utført mykje meir enn budsjettet normalt ville gi rom for.

5.1 Vigra gravplass

Ny planteplan er laga. Planen er å forlengje grusvegen inn på det nye feltet, og få ny innkøyringsveg. Ved Vigra gravplass har det no blitt monter lys. Fellesrådet har betalt lys og elektrikar og soknerådet har støypt fundament og sett opp lampane. Eit godt samarbeidsprosjekt.

5.2 Valderøy gravplass

Valderøy gravplass er under utviding. Vi har fått ei ramme med kommunen på kr 6,8 mill. Firma Norconsult er prosjekterande og firma Giske anlegg AS er utførande. Det er planlagt plass for namna minnelund, urnefelt, gravlegging i dobbel djupne og enkle graver. I 2020 er alt under jorda ferdig, men vi har ein del arbeid igjen over jorda på denne gravplassen. Vi har bedt kommunen om ekstraløyving og den kjem sannsynlegvis i 2022.

5.3 Godøy gravplass

Ved Godøy kyrkjegard er det behov for ny plan over området og i tillegg bør ein snart starte arbeidet med utbygging.

5.4 Giske gravplass

Ordinært vedlikehald har vore utført. Elles er denne kyrkjegarden i fin stand.

6. PLANAR FOR 2021

Utviding og opparbeiding av gravplassen på Valderøy skulle vore ferdig, men vi ventee på ekstraløyvingar for å fullføre den. Dei kjem sannsynlegvis neste år.

Kyrkjestova på Giske er ei anna stor sak som vi har jobba med. Det er stort behov for eit ekstra rom ved store gravferder, ein plass til kyrkjekaffi og trusopplæringstiltak. Fellesrådet har fått godkjent plassering av bygget med Riksantikvaren og fylket, og då står det tilbake å finne finansiering.


I slutten av 2020 kom det ekstra koronaløyvingar til middelalderkyrkjer. Vi fekk midler til «skall-sikring». Bygningsutvalet hadde akkurat sett på taket til Giske kyrkje og hadde plan om å setje det opp på lista over vedlikhaldsbehov. Koronamidlane kom rett før jul med kort søknadsfrist og kort utføringstid. Planen er å legge om hovudtaket på kyrkja.

Arbeidet med lovendingane i kyrkja spelar ei stor rolle i korleis kyrkja blir organisert framover. Det blir no jobba for å fülle den nye lova med innhald. Fleire høyringssaker kjem sikkert i vår veg. Det er spanande å følgje med på det som skjer. Kyrkja er i ei stor endring strukturelt og vi veit ikkje korleis dette vil påverke oss lokalt framover. Når det gjeld økonomi for kyrkja framover så er det ikkje avgjort korleis kyrkja skal finansierast. I dette er det mange utfordringar både for tilsette, kyrkjebygg, sokneråd og gravplassar. Endringane skjer ikkje over natta men det vil ta litt tid. Vår oppgåve er å halde fokus på kva som er viktig her og no, og følgje med på kva som skjer sentralt i kyrkja. Det viktige kyrkjelydsarbeidet er det arbeidet som blir gjort i kvart sokn.

For året 2020 vil vi rette særskilt takk til alle som har hjulpet til å halde hjula i gang. Sokneråda som har stilt opp med mykje dugnadsarbeid gjennom mellom anna registrering og vasking. Det har gjort at vi har kunne gjennomført mange gudstenester og dåpsgudstenester. Takk også særskilt til stab som har snudd seg rundt og vore svært fleksible og kreative.

Vi ser framover og ventar oss eit rikt og spanande arbeidsår i håp om at koronaen blir slått tilbake og folket vaksinert.


Elisabet Sundgot (leiar)


Turid Urkedal Valderhaug (dagleg leiar)